



Lindås Rør & Sanitær As
Burkhovdane 1
5914 Isdalstø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/850 - 23/8362

Sakshandsamar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
04.10.2023

Tilbakemelding - Supplering av mangler ved søknaden og søknad om dispensasjon - gbnr 50/7

Viser til søknad om utsleppsløyve og supplerande opplysningar motteke 22.09.23.

For at saka skal vera lovleg nabovarsla, må det anten sendast rekomandert brev, kvitterast for at varselet er personleg motteke eller svara på eposten som vart sendt ut. I svaret må det framgå at varslet er motteke og evt. om det vert gjort samtykke til tiltaket. Det er ikkje tilstrekkeleg med berre kopi av utgåande epost.

I dispensasjonssøknad skriv de at «Søker me dette om dispensasjon for tett tank i samband med søknad om utslepp av gråvatn» Me antar at det er svartvatnet som er tenkt sendt til den tette tanken. Ber om bekrefting på at dette er rett forstått.

Det vart i sist tilbakemelding peika på at det ikkje var vedlagt dokumentasjon på reinsegrad for gråvassanlegget. Me kan heller ikkje no sjå at dette er gjort. Dette må haldast opp mot den lokale forskrifta §§3 og 4 og verdiane i tabellane her. Vi ser at det er vedlagt monteringsanvisning for «Vera slamfilter», men kan ikkje sjå at me finn dei nødvendige dataene her. Det bør vidare gjerast greie for utforminga på infiltrasjonsgrøfta, slik som volum, lengd, breidd, type filtermasse osv.

Det var ikkje kryssa av i sist søknad for om det skulle installerast vassklosett. Men utifrå det ein skriv i «Søknad om dispensasjon for tett tank for WC» så vert det installert vassklosett med lite forbruk av spylevatn. Ber om bekrefting på at dette er rett forstått.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt saksbehandlar Jan Kvingedal.

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær As

Burkhovdane 1 5914

Isdalstø